



## FYLKESMANNEN I ROGALAND

### **Brødrene Flatebø AS - Søknad om løyve for mottak, mellomlagring og gjenvinning av rivingsbetong. Anlegget er lokalisert på gnr./bnr. 119/44 i Vindafjord kommune – Utlegging til offentlig gjennomsyn.**

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Brødrene Flatebø AS om løyve etter forureiningslova, jf. §§ 11 og 16. Søknaden omfattar mottak, mellomlagring og gjenvinning av inntil 5000 tonn rivingsbetong.

Verksemda er lokalisert på kommunal eigedom gnr.119, brn. 44 i Røyrvika, Vindafjord kommune. Brødrene Flatebø AS driv i dag uttak og knusing av stein på staden. Det vil verte nytta eit mobilt knuseverk til knusing av betongmassar.

Eldre bygningsbetong kan innehalde farlege miljøgifter som til dømes PCB og tungmetaller. Verksemdar som ønskjer å gjenvinne betong må derfor søkje om særskilt løyve til dette. I eit sløyve vil det verte stilt krav om tilstrekkeleg mottakskontroll til å sikre at avfall som er forureina av miljøgifter ikkje vert nytta til gjenvinning. Det vil og verte sett krav om tiltak som avgrensar utslepp til vassførekomst samt utslepp av støy og støv.

Søknadsdokumenta vert lagt ut til offentlig gjennomsyn på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad, sjå lenke <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/> og på Vindafjord kommune sitt servicetorg på Rådhuset, 5580 Ølen.

Moglege merknader til søknaden skal sendast Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger eller per e-post til [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no) innan 5 veker frå kunngjeringsstidspunktet.



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 13.01.2015

Vår ref.: 2014/10058

Arkivnr.: 461.3

Vindafjord kommune  
Rådhuset  
5580 Ølen

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Vindafjord kommune - Søknad frå Brødrene Flatebø AS om løyve til mellomlagring og gjenvinning av betong ved pukkverket i Røyrvika, gnr. 119 bnr 44. Utlegging til offentlig ettersyn.**

---

**Brødrene Flatebø AS har søkt Fylkesmannen om løyve etter forureiningslova § 11 for mottak, mellomlagring og gjenvinning av rivingsbetong.**

**Fylkesmannen ber om opplysingar om særskilde lokale forhold, naboar m.v. som det bør takast omsyn til ved handsaming av søknaden. Vi ber om at kommunen sin uttale vert sendt oss innan 8 veker. Vi ber om at eit eksemplar av saksdokumenta og kunngjeringa vert lagde ut til offentlig ettersyn i kommunen.**

---

Med heimel i forureiningslova §§ 11 og 16 har Brødrene Flatebø AS søkt Fylkesmannen i Rogaland om løyve til mellomlagring og gjenvinning av betong. Søknaden er datert 29.9.2014.

Brødrene Flatebø AS søkte om løyve til betonggjenvinning også i 2013, jf. vår sak 2013/3983. Denne saka vart på grunn av mangelfulle opplysingar knytt til søknaden avslutta 8.9.2014 utan at det vart fatta vedtak om løyve.

Fylkesmannen har ikkje vedlagt dokumentar frå sak 2013/3983 ved høyringa. For å gi kommunen og eventuelle andre høyringspartar innsikt i bakgrunnen for søknaden, har vi i avsnittet «Bakgrunn/historikk» likevel gitt ei kort oppsummering av denne saka.

### Bakgrunn/historikk.

Brødrene Flatebø AS har etter avtale med Vindafjord kommune overteke drifta av steinbrotet på kommunens eigedom ved Røyrvika i Øvre Vats, gnr. 119 bnr.44. Steinbrotet vart tidlegare drive av Knapphus Knuseverk AS.

Fylkesmannen gjennomførte 24.5.2012 inspeksjon ved knuseverket i samband med landsdekkande pukkverksaksjon. Drifta ved anlegget var da avgrensa i omfang med bare ein person normalt til stades ved anlegget. Da Fylkesmannen 8.3.2013 sende ut eit informasjonsskriv til pukkverksbransjen i Rogaland om at verksemdar som ønskte å ta i mot, mellomlagre og vinna att

rivingsbetong måtte søkje om løyve etter forureiningslova § 11, vart dette anlegget derfor ikkje ført opp i adresselista.

Fylkesmannen vart deretter den 15.4.2013 gjort merksam på at Brødrene Flatebø AS hadde tatt imot rivingsbetong for mellomlagring i Røyrvika. Vi gjorde i brev av 18.4.2013 verksemda merksam på at mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong krev særskilt løyve etter forureiningslova § 11. Vi bad samstundes Brødrene Flatebø AS om å gjere nærare greie for opphavet til betongen dei hadde tatt imot og eventuelt om å søkje om løyve etter forureiningslova § 11.

Brødrene Flatebø AS opplyste i brev av 11.7.2013, vedlagt erklæring frå Veidekke Entreprenør AS, at all mottatt betong kom frå riving av 2 lagerbygg ved ein nedlagt sardinabrikk. Fylkesmannen skreiv i sin tilbakemelding av 24.7.2013 at dei mottekne betongmassane inntil vidare kunne mellomlagrast på staden under føresetnad av at verksemda innan 1.9.2013 søkte om løyve til betonggjenvinning.

Brødrene Flatebø AS sende inn søknad datert 27.8.2013. Søknaden var for mangelfull til å kunne leggjast ut til offentleg ettersyn, og Fylkesmannen bad derfor i brev av 16.9.2013 verksemda om å sende inn utfyllande opplysingar til søknaden. Vi bad samstundes verksemda om å nytte Fylkesmannen sitt søknadsskjema for utsleppsløyve med naudsynte vedlegg.

Då Fylkesmannen innan 8.1.2014 ikkje hadde mottatt ny søknad eller anna informasjon knytt til søknaden, spurte vi per e-post Brødrene Flatebø AS om søknaden skulle sjåast som trekt tilbake. Verksemda svarte same dag at dei ville sende ein utfyllande søknad snarast råd.

Då Fylkesmannen 15.8.2014 framleis ikkje hadde motteke ny søknad sende vi nytt brev om at dersom søknaden ikkje vart motteken innan utgangen av august, ville vi anse søknaden som trekt tilbake. Melding om at saken (sak 2013/3983) var avslutta vart send 8.9.2014.

Vi skreiv samstundes at «Dersom Brødrene Flatebø AS på et senere tidspunkt likevel velger å søke om tillatelse til betonggjenvinning, vil dette bli behandlet som en ny sak.»

Vi bad i brevet Brødrene Flatebø AS om å sende Fylkesmannen dokumentasjon som viste at betongavfallet var levert lovleg mottak innan 1.oktober 2014.

#### Søknad datert 29.9.2014

Brødrene Flatebø AS sendte 29.9.2014 inn ny søknad om løyve til mottak, mellomlagring og gjenvinning av inntil 5000 tonn rivingsbetong per år.

Fylkesmannen har vurdert den nye søknaden, og legg nå søknaden ut til offentleg ettersyn. I og med det er lite truleg at utslepp knytt til betongmassane som for tida er mellomlagra på staden vil forureina vassførekomsten Vatsvatnet, ser Fylkesmannen det mest hensiktsmessig at betongmassane vert liggande til søknaden er ferdigbehandla.

I samsvar med kapittel 36 forureiningsforskrifta følgjer ei kort omtale av søknaden:

Type verksemd:	Mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong.
Lokalisering:	Gnr.119, bnr.44, Vindafjord kommune.
Adresse:	5576 Øvre Vats
Produksjon:	Gjenvinning av totalt inntil 5 000 tonn betong per år.
Forureining/belastning:	Utslepp av støy og mineralsk støv.
Reinsetiltak:	Sikringszone mot vassdrag. Vatning mot støvflukt.
Vassførekomst:	038-2036-L Vatsvatnet.

### **Fylkesmannen sine merknader**

Eldre betongmassar frå bygningar og andre konstruksjonar kan innehalde miljøgifter som PCB og tungmetall. Verksemdar som ønskjer å ta imot bygningsbetong for mellomlagring og gjenvinning må derfor søkje om utseppsløyve frå Fylkesmannen etter forureiningslova § 11.

Brødrene Flatebø AS driv i dag steinbrot og knuseverk i Røyrvika på Knapphus i medhald av vilkår fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 30. Verksemda har avtale om drift av steinbrotet med Vindafjord kommune, som er grunneigar på lokaliteten.

Fylkesmannen inspiserte pukkverket 24.5.2012. Dagleg produksjonsvolum er lite, og naboar er i liten grad påverka av utsepp av støy og støv. Prosessvatn frå vatning mot støvflukt i tørre periodar vil sige ned i grunnen utan direkte utsepp i Røyrvika.

Fylkesmannen var i samband med søknaden om betonggjenvinning på synfaring ved anlegget 19.11.2014. Rivingsbetongen var mellomagra slik at det var god avstand til vassførekomst. Betongen var utan synleg maling, men inneheldt ein del armeringsjern.

Anlegget i Røyrvika er ikkje registrert som eit eige føretak. Eit eventuelt løyve til mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong vil verte gitt til Brødrene Flatebø AS, men vil bare omfatte denne lokaliteten.

I eit eventuelt løyve vil det verte stilt krav om tilstrekkeleg mottakskontroll til å sikre at avfall som er forureina av miljøgifter ikkje vert nytta til gjenvinning. Det vil og verte sett krav om tiltak som avgrensar utsepp til vassførekomst samt utsepp av støy og støv.

Brødrene Flatebø AS sitt hovudkontor er lokalisert i Etne i Hordaland fylke. Det er derfor Fylkesmannen i Hordaland som er forureiningsmynde for verksemda sine aktiviteter i Hordaland.

### **Offentleg kunngjering**

Fylkesmannen vil i medhald av forureiningsforskrifta § 36-6 sørge for at søknaden vert kunngjort i lokalavisa Grannar og i Haugesunds Avis. Utgiftene i samband med kunngjeringa vert dekt av sækjar. Kunngjeringssteksten følger vedlagt.

### **Utlegging til offentlig ettersyn**

Vi ber om at søknaden vert lagd ut til offentlig ettersyn på Vindafjord kommune sitt servicetorget i Rådhuset, 5580 Ølen. Søknaden vil også verte lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under "Snarvegar" og "Høyringar".

### **Uttale – kommunal sluttbehandling**

Frist for kommunale merknader er sett til 8 veker frå kunngjeringsdato. Dersom kommunen har behov for utvida frist, ber vi om tilbakemelding på når saka vil verte teken opp til behandling.

Kommunen sin uttale bør gi opplysningar om eventuelle lokale forhold som er mangelfullt eller ikkje tilstrekkeleg gjord greie for i søknaden, og om lokale/regionale forhold som kan verke inn på avgjerda om løyve, inkludert vurderingar i forhold til naturmangfoldlova og vassforskrifta.

Vi ber særskilt kommunen vurdere det søknaden med omsyn til eventuell påverknad av vassførekomsten Røyvika/Vatsvatnet.

Vi ber også kommunen vurdere om tiltaket er i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

Resultatet frå den kommunale sluttbehandlinga skal sendas Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass.fylkesmiljøvernsjef

Johan Tore Rødland  
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Johan Tore Rødland  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 38  
E-post: fmrojtr@fylkesmannen.no

Vedlegg:  
Søknad frå Brødrene Flatebø AS datert 29.9.2014  
Kunngjeringstekst lokalavisar

Kopi utan vedlegg til:  
Brødrene Flatebø AS

5590 ETNE